

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Mör og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hjörundfjord

Emne: Skav.

Bygdelag: Fjordbygda

Oppskr. av: Ingv, Viddal

Gard: Viddal

(adresse): Sæbö i S.

G.nr. 20

Br.nr. 2.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Det meste etter eiga røynsle,
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 men og etter J.P.Slettedal, Sæbö .88 år. Og andre gamle.

SVAR

1. Namnet "Nödför" var nytta.
2. Ein hadde ikkje nko samnamn for desse föra. Ein sa "risför" og "bork" og "skav".
3. Boying: å skave, skavar, skava, har skava, hadde skava, vil skave, osv. Men dette var på ein annan måte i talen: "Goddag. Du står og skjev, ser eg". Eller: "Han var stad og skov bork."
4. Skav vart nytta til kröterfor. Det vil seie bork. Det var nytta som hjelp i vörknipa, men det var sume som alltid bruka bork attåt. Det var slike som årgisst kom i förknipe.
5. Namnet "skav" bruka vi berre om hasleskav. Det var uvanleg mykje bögard heime, og den vart mest årgisst teken av fonna lange stykke. Difor gjekk det svært mykje staur til gjerdinga av bögarden. Den stauren var alltid av hasl, og vart "skava": Borken vart avskava, men ikkje velare enn at det var att nokså mykje bork på han. Han var "riklute". Dette hasleskavet vart alltid gjeve til kyrne, men var ikkje rekna som årgisst attåtför. Dertil var det altfor lite. Hesjestauren var og av hasl, men og av ore. Likevel vart det ikkje så mykje skav av dette, for staurane vart ikkje vel avskava.
 Alm vart mest aldri skava. Geitene sytte for skavinga av den. Dei gjorde strangane vel reine, når dei berre nådde i, og det sytte ein forat dei gjorde. Ospeborken tok ein av dei strangane ein nytta til gagnbeine, som til dömes "torvölar" (Stokken nedst på taket som heldt torvet på plass.) Elles vart det ikkje hogge til å få för av. Dertil var det for lite osp. Ein var vyrk for det ein hadde, og bruka henne berre til gagnbeine.
 Det var rogen som talde, og den einaste ein rekna med til borkeför. Det var einast den ein tok når ein skulle skaffe borkefor.
6. Skav er ikkje kjent som namn på tre, men vi meinte hasleskav når vi sa skav, elles sa vi bork.

7. Rekkefylgja av linene er uviss, men rimet har med desse tre treslaga :

1. Selja svelte,
vier velte,
hegg legge merg i legg,
osp legge smör på borsk, (Borsk = tre-tallerk)
men rogn røyse kyra 'ta båsa."

Dei to fyrste linene har eg høyrte av berre ein mann, Martinus Halsen, Sæbø, ca. 85 år. Men dei 3 siste linene høyrde eg herma ofte i barndomen.

8. Det var helst "lettekrötera" som fekk skavet. Ikkje sau, geit eller hest. Sau og geit fekk lauv, og dei sytte elles sjölve for å ta skav i strongedungen. Bornekyrne fekk og litt skav, men mindre, for det smaka smaka av mjölka, serleg av rogneborken. Skavet var ikkje blanda med høy. Skav av ore var ikkje bruka til fôr.
9. Kyrne mjölka meir av skav, serleg av rogneborken. Det vart betre rjome, og synleg finare farge på smöret av rogneborken, meir gul. Men smaken vart litt beisk dersom det var formykje rognebork.
10. Når vårknipa kom, drog ein på skogen etter skavved. Men i mange tun var det vanleg at dei skava all den veden som var brukande. Det var serleg der det var ein gamling som hadde tid og trott til det. Denne borken som dei smidde av veden, gav dei krötera etter kvart. Hesjeveden vart som før nemnt skava, og var han av hasl, bruka ein borken til krötera.
11. Ein drog på skogen etter skavved. Eller, ein tók rogn.
12. Skavved. Borkestrongar, Borkekjeppar.
13. Ordet "marka" er ukjent her.
14. Skavveden vart henta om våren, nor formangelen melde seg. Ein rekna dette arbeidet for surt, dersom det var i snöbröyte, noko som det helst var. Kom det snö når det leid på våren, skyna ein at det ville verte formangel, og då drog dei på skogen straks. Langfredagshenting av skavved er heilt ukjent.
15. Var det fint ver, sat ein ute når ein "smidde bork". Var det kaldt, sat ein inne i stova, og var det regn, sat ein i vedskjulet eller på låven. Det var elles oftast kveldasetarbeid å smide bork. Då sat ein alltid inne.
16. Reiskapen ein nytta til skavinga, retta seg etter den veden ein skulle skave. Det var berre haslen som vart "skava", og ein hadde då ein "skavl". Det var ei ljåspik som var böygd. Endane var banka runde, og sette i eit handtak gjennom to hol. Var det mange som skulle skave, og ein ikkje hadde "skavlar" nok, snara ein ei fille om dei to tilbanka endane, som då var böygde mest saman. Hesjestaurene vart skava dersom dei var av hasl, men ein bruka helst ein "bandekniv" (spesiallaga for bandesmidning) dersom det var orestaure.



Skavl.

Rognen vart "smidd" med tolkniv, eller rudd med öks når det var store stokkar.

1365

17. Skaving av hesjeved var ulik skaving av forveden. Som før nemnt, vart rognen smidd, og hesjeveden skava. Serskilde skavkrakkar eller reiskap til å halde fast skavveden med, vart ikkje bruka. Berre når ein bruka bandekniv, la ein veden i sagkrakken, og reid på han, eller slengde ein fot over til å halde veden fast med. Men og når ein bruka bandekniv, vart veden reist opp mot ein vegg. "Skavhæl" er ukjent.
18. Den stonga som her er nemnd, svarar til den stonga ein sette opp til å kløyve hasleband med, før ein smidde dei. Ho var kvest som ein kniv på midten, og så ~~kkx~~ kløyvde ein bandstakane ved å føre dei mot stonga. Men som reiskap i skaving er slik stong ukjend.
19. Var ein ute under skavinga, stod ein ved ein vegg når det var lange kjeppar ein skava. Var det stuttare kjeppar, sat ein på stabben helst, eller på ein utboren krakk eller stol. I båe høve heldt ein kjeppen med den eine handa, og skavkniven med den andre. Berre når ein bruka bandkniv, bruka ein båe hendene på kniven. Store stokkar bruka ein øksa på. Eg har aldri sett eller høyrte at ein drog kjeppane over ein fast skavkniv, men når ein sat og "smidde" med ein vanleg tolkniv, ~~festet mange~~ heldt mange kniven mot kneet, og drog kjeppen mot seg. Dette var elles etter som ein vanleg førde kniven under all anna smiding. skavved.
20. ~~Den skava~~ veden kalla vi "smiddekjeppar", når det var rogneved. Dei andre var anten gjerdestaur, (Gardstaur), eller hesjeved.
21. Borken kalla vi anten "smiddebork" eller helst "rognebork". Då meinte vi forbork. Når vi sa "bork", så meintest det alltid bjørkebork til barkinga. "Skav" var borken av haslen som var skava av med ein "skavl". Småbitar av borken hadde ikkje serleg namn.
22. All bork vart nytta, såleis og borken på tjukke stammer, og det var ~~den~~ ein bruka øksa på. Dei aller tunnaste rogneskivene vart småbrotne og kasta saman med borken. Skavkjeppane var lenger enn vanleg ved, men vart så hoggen i vanleg vedlengd. Dei kjeppane ein tok inn i stova og smidde der, var helst dobbelt så lange som vanleg ved. Dei ein smidde ute, var endå lenger, men helst etter som det hövde med greinlengda på treet ein hogg av. Det var ingen fast regel for lengda.
23. Den ferdigskava veden kalla vi "smiddekjeppar", anten dei var tjukke eller tunne. Dei namna som er nemnde her, er ukjende for oss.
24. Skavet av hasl skulle vere tunnt og fint. Rogneborken skulle takast med heilt inn til treet, så kjeppen var heilt rein. Men det måtte ikkje takast med noko av veden, for då meinte dei at kyrne fekk såre tenner. Den som elles var flinkast med kniven, var sjølv sagt og flinkast til å skave.

25. Tjukkaste kjeppane vart brukta til bakstevod, serleg av dei som ikkje hadde serskild ved til det. Elles sette konene stor pris på denne veden, for når han var turr, brann han sers godt.

26. Ein nyttar ikkje lenger bork til fôr, utan i heilt sers vanskalege høve, som t.d. eit år under krigen, då det vart slik uvanleg sein vår, og det ikkje var høy eller kraftfor å få kjøpt. Elles har ikkje folk arbeidshjelp til borkesmiding. Og ein syter no til vanleg for at ein har rikeleg med fôr til krötera. Det er vanskeleg å setje noko årstal for når ein slutta med skaving. Som så mangt anna, så døydde det bort litt etter litt. Men det skavet ein endå får når ein skavar gjerdestaur og hesjestaur, det "slengjer ein i krötera". Og gamle kallar smidar endå rogne-kjeppane i vintersveden, helst av gamal vane.

Det er elles stor skilnad på dei ymse gardar, når det gjeld kor lenge ein heldt på med skaving. Fjellgardane heldt på lengst, kanskje og fordi det var lettare å få i skavved der, og fordi dei leit meir på beita enn på høystålet.

Seier vi at skavinga minka sterkt frå fyrre heims-krig, og var slutt kring 1920 (utan serlege høve), så trur eg det svarar til det rette.